

Oska i september.

15.09.2016



[SmakifråOska byr på konsert, quiz og mykje herleg mat utover i september.](#)

Vi er midtvegs i september, og sjølv med finveret vi opplever, er vi på full fart mot haust. Det er tid for å kosa seg litt eksra! I siste halvdel av september vert det både quiz og konsert på Oska, i tillegg til dei faste og populære kompletorsdagane og søndagsmiddagane. Dessutan er bookinga av årets julebord allereie godt i gang.

Det store arrangementet i september er konserten med den utflytta uskedelingen Stig Børsheim 30. september. Der vil han syngja og lesa dikt av Olav H. Hauge. Stig vil gje noko tilbake til heimbygda, og det er gratis inngang på konserten. Konsertstart er kl.21, og for dei som ønskjer å gjera kvelden til ein heilaften, kan Roy Lervåg og kjøkkenet tilby middag i forkant av konserten frå kl.18. Dei som ønskjer middag, må førehandsbestilla. Dette vert heilt sikkert ein flott konsert. Den nydelege CDen NOKRE FÅE SONGAR som Stig gav ut i vår, og som er i salg på m.a. Spar Uskedalen, er garanti for det.

Den 23.september er quizmaster Sammy Myklebust tilbake, og då det er klart for ny quiz på Oska. Dei tidlegare quizkveldane har fått mykje ros, men deltakinga kunne vore større. No når det haustar, er det verkeleg tida for denne aktiviteten så det er berre å samla saman lag og melda på. Roy Lervåg lovar storveise premiar og deilig quizmat.

Oska-programmet for resten av månaden er slik:

- 15.09. Komle kl.15:00
- 16.09. Lukka arrangement
- 18.09. Søndagsmiddag ÅRETS FØRSTE FÅRIKÅL
- 22.09. Komle kl.15:00
- 23.09. Quiz
- 24.09. Lukka arrangement
- 25.09. Søndagsmiddag

- 29.09. Komle kl.15.00
- 30.09. Konsert og middagsbuffet.
- 01.10. Lukka arrangement
- 02.10. Søndagsmiddag.

Dei 2 første vekene i oktober vert det ferieavvikling, og dermed vert det ingen arrangement. **Komletorsdagane 6. og 13. oktober går ut, og det vert heller ikkje søndagsmiddag 9.oktober.**

Hausten vert nok både lysare og koselegare om vi tar turen innom Oska.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland